




Planskildring

for Meland kommune



Planskildring

Meland kommune

Temarevisjon av
kommuneplanen sin
arealdel i Meland

Innhold

1 Innleiing.....	5
1.1 Føremål med planarbeidet	5
1.2 Planavgrensing	6
2 Meland i framtida	7
2.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel	7
3 Revisjon på tema	8
3.1 Sambandet Vest AS sitt val av vegløysningar over Meland.....	8
3.2 Areal for ny barneskule i området Dalstø –Frekhaug.....	8
3.3 Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser.....	9
3.4 Reiselivsrealtert næringsutvikling og Meland golf	9
3.5 Areal for havbruksrelatert næring på land og vatn - samt djupvasskai	9
3.6 Areal for gjenbruksmassar(ulike typar jord og stein) i kommunen.....	11
4 Arealvurderingar.....	12
4.1 Arbeidsmål for arealdelen til kommuneplanen	12
4.1.1 Overordna arealstrategiar	12
4.1.2 Arealstrategiar for område landbruk, natur og friluftsliv.....	13
4.1.3 Arealstrategiar for næring.....	13
4.1.4 Arealstrategiar for strandsona	13
4.1.5 Vurdering av private innspel	14
4.1.6 Massehandtering/ areal for overskotsmassar.....	14
4.1.7 Reiselivsrelatert næring og Meland golf og naturpark.....	15
4.1.8 Arealbruk akvakultur	15
4.1.9 Barn og unge sine oppvekstvilkår	15
4.2 Plankvalitet	17
4.2.1 Føresegner	17
4.3 Konsekvensutgreiing	18
4.3.1 Gjennomføring og metode	18
4.3.2 Konsekvensutgreiing	19
4.4 Samla konsekvensar av planframlegget	21
4.4.1 Miljø og klima	21
4.4.2 Samla belanstning knytt særskilt opp mot akvakultur	21
4.4.3 Landbruk.....	23

4.4.4	Naturmangfold	23
4.4.5	Landskap	24
4.4.6	Folkehelse	24
4.4.7	Samfunnstryggleik	24
4.4.8	Ny arealbruk som er lagt inn i arealplanen etter KU	24
4.5	Risiko og sårbarhetsanalyse	25
4.5.1	Samfunnstryggleik	25
4.5.2	Kva er «Risiko- og sårbarhetsanalyse», ROS-analyse	25
4.5.3	Naturhendingar	28
4.5.4	Krav i TEK17	30
4.5.5	Menneskeskapte hendingar	30
4.5.6	Akseptkriteria og definisjonar	31
4.5.7	Kjelder og metode	33
4.5.8	Spesielt om akvakultur	33
5	Nærare omtale av temarevisjon som er teke med i plankartet.....	34
5.1	Havbruksrealtert næring til land og vann og djupvannskai	34
5.1.1	Status	34
5.1.2	Gjeldande kommuneplan	34
5.1.3	Akvakulturanalyse	34
5.1.4	Naturgrunnlag i sjø	35
5.1.5	Vasskvalitet og driftstilhøve	35
5.1.6	Krav til reguleringsplan.....	35
5.1.7	Djupvasskai.....	36
5.1.8	Areal for akvakultur på land	37
5.1.9	Landsvik næringsområde.....	37
5.1.10	Område for småbåthamner.....	37
5.2	Areal for massehandtering	37
5.2.1	Mindre areal for overskotsmassar	37
5.3	Reiselivsrelatert næringsutvikling	38
5.4	Omsynssoner, jf plan- og bygningslova § 11-8, pkt a-f.....	41
5.4.1	Sone for felles planlegging (H810).....	41
5.4.2	Naturmiljø (H560).....	41
5.4.3	Sone for vidareføring av reguleringsplaner (H910).....	42
6	Tilhøve til planar, rammer og retningslinjer.....	43

6.1.1 Statlege rammer og retningsliner	43
6.1.2 Regionale planar og retningsliner	44
6.1.3 Fylkesmannen i Hordaland har uttalt sine arealpolitiske mål i:	44
6.1.4 Kommunale planar	45
6.1.5 Temakart og informasjonsskjelder	45

1 Innleiing

1.1 Føremål med planarbeidet

Alle kommunar er pålagt å ha ein kommuneplan som seier noko om korleis kommunen skal utvikle seg, og eit arealplankart som viser korleis areala er tenkt nytta, dvs. kommuneplanen sin arealdel. Dette går fram av plan- og bygningslova § 11-5. Kommuneplanen sin arealdel skal omfatta plankart, føresegner og planomtale. Kommuneplanen sin arealdel er rettsleg bindande for kommunen si utvikling, utbygging og arealbruk no og i næraste framtid.

Planstrategi for Meland kommune 2016-2020 vart vedteke i kommunestyre 09.11.2016. Der er det slått fast at arealdelen til kommuneplan skal rullerast på deltema. Rammene for revisjonen, med hovudtema og opplegg for planprosessen, vart fastsett i planprogrammet.

Formannskapet varsla oppstart av arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel jmf. Plan og bygningslova. § 11-12, i tråd med vedteke planstrategi. Framlegg til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema, har vore på offentleg ettersyn og høyring med frist 14.11.2017. Planprogrammet er vedteke i kommunestyre 14.02.18.

Kommuneplanen sin arealdel på tema har vore på høyring og offentleg ettersyn i perioden 30.04. til 04.07.19.

KS - vedtak:

I medhald av lov om planlegging og byggesaksbehandling § 11-16 vedtek Meland kommunestyre kommuneplanen sin arealdel, med unntak av tema havbruk som det er knytt motsegn til frå Fylkesmannen i Vestland og havbruk på land og djupvasskai i område N11 på Landsvik som det er varsla motsegn til.

I handsaming av kommuneplanen sin arealdel kan kommunestyret ved motsegn til klart avgrensa deler av planen, vedta planen for øvrig med rettsleg bindande verknad, jf. plan- og bygningsloven § 11-16 første ledd.

Rulleringa på deltema bygger på gjeldane arealplan sine temakart og vedtekne arealstrategiar. Kommuneplanen sin samfunnsdel er slutthandsama i kommunestyret i sak 33/2014. Kommuneplanen sin arealdel er vedteke i sak 58/2015. Nasjonale og regionale føringar og prosesskrav knyt til PBL og Forskrift om konsekvensutgreiingar ligg til grunn for planforslaget på tema.

Planskildringa skal fortelje om planen sitt føremål, innhald og verknader. Den beskriv korleis planprogrammet er følgt opp gjennom innhenting og utarbeiding av kunnskapsgrunnlag og faglige vurderingar. Planskildringa inneheld ein omtale av kva konsekvensar planen sitt hovudgrep vil kunne ha for miljø og samfunnsutvikling. Ein meir detaljert konsekvensutgreiing og sårbarhets og risikovurdering for kvart av dei nye utbyggingsområda som er foreslått er vedlagt i eit eige dokument. Dette ligg ved kommuneplanforslaget.



Foto: Privat samling

1.2 Planavgrensing

Planavgrensinga følger kommunen si administrative grense.

Meland kommune har eit flateinnhald på ca. 92 km². Det var 8177 innbyggjarar i Meland siste kvartal 2018 (SBB -tal).



Figur 1: Planavgrensing for rulleringa av kommuneplanen sin arealdel på deltema

2 Meland i framtida

Meland er ein av dei mest attraktive kommunane å busetje seg, og er inne i ei spanande endringstid. Meland blir saman med Lindås og Radøy, Alver kommune i 2020. I dag er Meland ein av dei næraste kommunane til Bergen som framleis har store naturkvalitetar, attraktive solrike utsiktstomter og landleg preg. Dette er lokale kvalitetar som har verdi også i regional samanheng, og er med på å forklare kvifor Meland er ein attraktiv kommune å flytte til eller etablere seg i.


Ved framtidsretta arealdisponering ønskjer kommunen å ta vare på desse verdiane. Naturmangfald, dyrkingsjord, reint vann, naturområde for rekreasjon, viktige kulturminne og kulturmiljø er verdier som skal overførast til kommande generasjonar.

Det skjer ei rask utvikling i vekstkommunen Meland, som også påverkar arealbruken. I tråd med kommunen sitt mål om å vere ein føregangskommune innan næringsutvikling og attraktivitet, er det tema som treng ei ny vurdering i høve til arealbruk. Kommunestyre har vedteke å rullere kommuneplanen sin arealdel på tema. I arbeidet med rulleringa for gjeldane arealplan var det areal til bustader og næring på land som hadde særleg fokus. I denne avgrensa rulleringa er det det tema havbruk, massehandtering og reiseliv som har vore tema.

2.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Våre verdier og målsetjingar

- Vi skal medverke til og oppleve god livskvalitet
- Vi skal ha ei berekraftig utvikling
- Vi skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland
- Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer



3 Revisjon på tema

Planprogrammet opnar for revisjon på fyljande tema:

- Areal for havbruksnæring på land og vann, samt areal for djupvasskai
- Reiselivsrealtert næringsutvikling til dømes Meland golf
- Sambandet Vest AS sitt val av vegløysningar over Meland
- Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser
- Areal for gjenbruksmassar(diverse typar jord og stein) i kommunen
- Vurdere område for ny barneskule i området Frekhaug – Dalstø

I arbeidet med planen har nokre av tema vore løyst i andre planer og prosesser.

3.1 Sambandet Vest AS sitt val av vegløysningar over Meland

Sambandet Vest AS er etablert for å arbeide for planlegging og realisering av vegsambandet nord på øya. Det er vedteke å utarbeida ein kommunedelplan for dette tema. Dette er eit interkommunalt samarbeid, der Statens vegvesen og dei kommunane som er ein del av planområdet samarbeider.

3.2 Areal for ny barneskule i området Dalstø –Frekhaug

Det er planlagt store utbyggingar i Frekhaugområdet og kommunen har ei ung befolkning. Det er såleis eit press på skulane. Det er behov for å vurdere nytt areal for barneskule. Kommunestyre har i planprogrammet peike på at det skal gjerast vurderingar på plassering av barneskule i området Dalstø - Frekhaug. Kommunen har gjort ei alternativsvurdering for plasseringa av barneskule i området. Denne blir førande for det vidare arbeidet med dette tema. Området som er foreslått ligg i dag i arealdelen av kommuneplan, med arealformål bustad. Det å sikre areal for barneskule vert ein del av prosessen med områderegulering av B8 og B9.



Foto: Ane Bysheim

3.3 Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser

Dette tema har blitt håndtert undervegs i prosessen med arbeidet med planen. Administrasjonen arbeider med å få lagt tiltrette for areal til parkering i samarbeid med vedlikehold av kommunale vegger, tema har og vore vurdert i arbeidet med reguleringsplaner i perioden.

3.4 Reiselivsrelatert næringsutvikling og Meland golf

- Vi skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland

Meland kommune har som mål å vera ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland, og i planprogrammet er det vist til at me ligg nært Bergen og har eit særprega kultur- og fjordlandskap som kan vera eit potensiale til å utvikla reiselivstilbod. Det er lokalt og regionalt eit ynskje om å leggja til rette for ny landbrukstilknytta næringsverksemd, ofte omtalt som bygdenæringar.

Meland golf har eit renommé som går utover landegrensene. Heile området har eit stort potensiale til å bli ein attraktiv reiselivsdestinasjon. Meland golf har omfattande utviklingsplaner som kan vere med å skape arbeidsplasser og vidareutvikle merkevara Meland golf og omdømme til Meland kommune som golfdestinasjon. Målet er å utvikle området som eit rekreasjonsområde i Alver og i eit regionalt perspektiv. Utviklingsplanane er å oppgradere golfbana, legge til rette for naturpark. Det er planer om hotell, bustader og servicetilbod i området.

3.5 Areal for havbruksrelatert næring på land og vatn - samt djupvasskai

- Vi skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland

Havbruk er eit nasjonalt satsingsområde, og er skildra som ei sentral og viktig næring for Noreg i framtida. Det er ei nasjonal forventning om at kommunane sikrar areal for vekst i akvakulturnæringa, på ein miljømessig berekraftig måte gjennom planlegging etter plan- og bygningslova. Tema havbruksrelatert næring hadde behov for ein revisjon då etablerte akvakulturanlegg i kommunen ikkje har høve å vidareutvikle drifta p.g.a. militær forbodssone. Vi har i planarbeidet vurdert alternativ lokalisering for areal til akvakultur langs kystsona. Det er totalt tre akvakulturanlegg i kommunen, der to er tradisjonelle matfiskanlegg i sjø og eitt er eit settefiskanlegg på land. Akvakulturnæringa bidreg til verdiskaping i kommunen. Dette, saman med nasjonale forventningar om å leggja til rette for akvakultur, gjer at Meland kommune har retta spesielt fokus mot utvikling av akvakultur i samband med rullering av deltema i kommuneplanen.

Akvakulturnæringa legg beslag på areal på vassoverflata, vassøyla og på botn, noko som gjer at det bør stillast sterke krav til utgreiing av konsekvensar og konfliktpotensiale i samband med avsetting av areal til akvakultur i kommuneplan. Ulike bruks- og verneinteresser kan i varierende grad kombinerast med akvakultur, i ulike avstandar frå det fysiske anlegget. Det aller meste av akvakulturproduksjonen i dag er laks og regnbogeaure i opne merdanlegg i sjø. Det skjer ei kontinuerleg teknologiutvikling i næringa, og i framtida kan det vera meir aktuelt med andre artar og andre produksjonsmetodar. Lokalitetar som i dag ikkje høver særleg godt for oppdrett kan difor vera aktuelle i framtida. Tilhøve knytt til drift og utslepp er faktorar som vert regulert gjennom anna lovverk enn plan- og bygningslova. I kommuneplanen er det difor arealbruken knytt til akvakultur ein har fokusert på.

3.5.1 Lokalisering for djupvasskai

Det var planlagt og godt tilrettelagt for djupvasskai på Hjertås i arbeidet med gjeldande kommuneplan (2015-2026). Det er no ikkje høve til å vidareutvikle denne på grunn av militærforbodssone som er etablert av forsvaret i området. I arbeidet med å vurdere areal for havbruksrelatert næring, er det gjort eit arbeid for å finna eigna areal for djupvasskai i Meland.

3.5.2 Lokalisering for landbasert næring til akvakultur

I arbeidet med kommuneplanen er det gjort ein gjennomgang av område som i gjeldande kommuneplan er avsett til næring, areal som er spelt inn som aktuelle til ny djupvasskai, og strandsona generelt. For å sikra areal som er godt eigna for djupvasskai, er det sett på fleire viktige faktorar på eit overordna nivå.

Det er fleire kriterier som må vera på plass for at ein lokalitet skal vera eigna for landbasert akvakultur. Det er tilgjengeleg tomteareal, tilstrekkeleg og god kvalitet på ferskvatn. Det må vere god tilgang til sjø og sjøvatn, el-kraft, og nærleik til hovudferdsleårar og annan infrastruktur

Mest relevant å etablere i Meland kommune er område for settefiskproduksjon, eventuelt for postsmolt. Matfiskproduksjon på land krev store areal, og det er uklart om dette er ein teknologi som næringa kjem til å satse på i stor skala framover.

Ein har i samband med rulleringa gjort vurdering av mogleg plassering av kai og næring på land i heile kommunen, og konklusjonen er at området på Landsvik er godt eigna både for djupvasskai og landbasert anlegg i tilknytning til dette. Bakgrunnen for dette er mellom anna djupnetilhøva, relativt gode vindtilhøve, og ei plassering som ikkje krev at større båtar må lengre inn i fjorden. Ved realisering av bru mot Radøy, vil det vere ein fordel med ein kai som ligg utanfor denne i fjorden.

3.5.3 Omtale av tema havbruk og djupvasskai i planomralen

Det er kome motsegn til tema areal for akvakultur frå Fylkesmannen i Vestland. I handsaming av kommuneplanen sin arealdel kan kommunestyret ved motsegn til klart avgrensa deler av planen, vedta planen for øvrig med rettsleg bindande verknad, jf. plan- og bygningsloven § 11-16 første ledd. Saka vert sendet vidare til departemente for avgjersle. Kommunestyre gjorde slik vedtak i møte den 16.10.19.

Sak 55/2019 KS - vedtak:

I medhald av lov om planlegging og byggesaksbehandling § 11-16 vedtek Meland kommunestyre kommuneplanen sin arealdel, med unntak av tema havbruk som det er knytt motsegn til frå Fylkesmannen i Vestland. Havbruk på land og djupvasskai i område N11 på Landsvik som det er varsla motsegn til. Endelig planvedtak for tema havbruk i kommuneplanen sin arealdel vert overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for avgjersle. Endeleg vedtak for havbruk på land og djupvasskai i området N11 på Landsvik vert overført KMD.

Det har den 12.12.19 vore mekling med fylkesmannen i Vestland. Tilstades var Fylkesmannen i Vestland og representanter frå Meland kommune og nye Alver kommune.

Partane vart ikkje samde om løysing på tema havbruk og vert sendt til vidare behandling i kommunal og moderniseringsdepartementet.

Areal for havbruk og nye føresegner knytt til havbruk er teke ut av det juridisk bindane plankartet og føresegnene. I planomtalen har vi ikkje teke ut omtalen av dette tema. Det er framleis ein del av konsekvensutgreiingane og Risiko og sårbarhetsanalysen (ROS) og vurdering av sumverknadane. Planomtalen er ikkje juridisk bindane, og sidan saka om tema havbruk ikkje er avgjort enda, har vi valt å behalde dette tema i planomtalen. Vi har brukt kursiv tekst for å vise at dette ikkje er ein del av den no juridisk bindane planen.

3.6 Areal for gjenbruksmassar(ulike typar jord og stein) i kommunen

- Vi skal ha ei berekraftig utvikling

Fokus på jord og jorda sin verdi har auka dei siste åra. Problemstillingar rundt kva som skjer med jordmasser som vert fjerna frå utbyggingsområder er tema i planarbeid og byggesaker. Vi vil redusere transportbehov ved utbygging og forbetre jordbruksareal ved tilføring av jordmasser. Vi vil nytte jordmasser som ein ressurs for samfunnet, og særleg for landbruket.



Foto: Marius F. Knudsen

I arbeidet med rullering av arealdelen av kommuneplanen på tema, har kommunen hatt eit særskilt fokus på å finne areal til varig massehandtering. Kommunen har i samarbeid med landbruksnæringa vurdert områder for varig plassering av masser eigna til landbruksproduksjon. Vi har og sett på eventuell endra arealbruk i høve til masse handtering, i samanheng med kvar det er lagt ut areal for bustad og næring i gjeldane arealplan. Slik kan vi nå målet om reduksjon i transport under utbygging. Det er under planlegging fleire omfattande reguleringsplanar for vegutbetringar og gang / sykkelvegløysningar som ein del av Nordhordlandspakken. Realisering av desse tiltaka vil generere overskuddsmasser som må planleggast nytta til gjenbruk. Dette gjeld særleg området Fosse-Moldekleiv, Flatøy, Frekhaug sentrum og Vikebø –Rossland.

4 Arealvurderingar

Arealforvaltninga dreier det seg om å vurdere og samordne omsyn til bruk og vern av areal. Hovudtema som ligg til grunn for denne rulleringa viser i korte trekk kva hovudutfordringar Meland kommune har på arealsida. Vurderingane i planen bygger på arealstrategiar vedtekne av formannskapet i sak 170/11. Desse arealstrategiane var grunnlag for rullering av kommuneplanen sin arealdel 2014. Fleire av desse var arbeidsmål til rullering i 2014 og kan framstå som spesifikke mot tema, til dømes kulepunktet «vi skal setja av areal til offentleg infrastruktur», men dei fleste overordna arealstrategiane er førande for denne temavise rulleringa. Difor har vi teke dei med her.

4.1 Arbeidsmål for arealdelen til kommuneplanen

4.1.1 Overordna arealstrategiar

- Den langsiktige utviklinga i kommunen skal vere berekraftig med "gode" miljø- og energiløysingar
- Gjennom arealplanlegginga skal kommunen byggje opp under eksisterande sosial og teknisk infrastruktur, og søkje effektive løysingar for å samordna arealbruk og transport
- Eksisterande busetnad og bygdestruktur skal takast vare på og vidareutviklast
- Landskapsilhuettar, høgdedrag, terrengformer som lagar tydelege landskapsrom og buffersoner mellom næringsområde og bustadområde skal ikkje byggjast ut
- Folkehelseperspektivet skal inngå som eit bærande element i all planlegging
- Prinsippet om universell utforming skal ivaretakast
- Meland sin senterstruktur, med Frekhaug som kommunesenter og Rossland som områdesenter, skal vidareutviklast. Offentlege tenestetilbod skal i all hovudsak leggjast til desse sentra
- Mindre nærsenter kan utviklast i tilknytning til eksisterande forretningsmiljø på Holme, Litlebergen og Flatøy
- Kommunen skal stimulere til næringsutvikling ved tilrettelegging av nye næringsområde langs viktige kommunikasjonsaksar, medrekna sjøvegstransport
- Kommunen skal planleggje for ein samanhengande grønstruktur. Grønstrukturen skal binde saman bustadområde, skuler, barnehage og strandsone. Større samanhengande friluftsområde og særleg viktige landskap og naturmiljø skal sikrast gjennom omsynssoner
- Naturmangfaldet skal takast vare på og vere eit berande element i planlegginga
- Dei unike kvalitetane i naturområdet Rylandsvassdraget /Storavatnet skal takast vare på
- Det skal setjast av tilstrekkeleg areal til offentlege føremål



4.1.2 Arealstrategiar for område landbruk, natur og friluftsliv

Landbruket sitt behov for produksjonsareal og ivaretaking av kulturlandskapet er eit overordna perspektiv i arealforvaltninga.

- Større samanhengande friluftsområde og særleg viktige landskap og naturmiljø skal sikrast gjennom omsynssoner
- Landbruksinteresser skal ivaretakast gjennom kartlegging av kjerneområde landbruk
- Omsynssoner skal vurderast i landbruksområde med utvida næringsverksemd
- Kjerneområde landbruk skal skjermast mot nedbygging
- Verdfulle kulturlandskap skal sikrast

4.1.3 Arealstrategiar for næring

- Kommunen skal gjennom arealplanlegginga leggja til rette for utbygging i større næringsparkar ved eksisterande infrastruktur og framtidig planlagt infrastruktur.
- Eksisterande verksemdar skal, der det er mogleg, sikrast høve til utvikling.
- I planlegginga av nye næringsområde skal ein ta omsyn til topografi og konsekvensar for bustadområde i nærleiken.
- Det skal leggjast til rette for småskala næringsutvikling knytt til landbruk
- I kommunesenter og områdesenter kan det leggjast til rette for kombinert utbygging av bustad og forretning
- Større service- og handelsstader skal ha eit godt kollektivtilbod for alle reisande.

4.1.4 Arealstrategiar for strandsona

- Ålmenn tilgang til strandsona og verdifulle natur- og kulturlandskap skal sikrast gjennom arealplanlegginga
- Det skal avsetjast areal til småbåthamner og naust
- Strandsona er som regel eksponert for innsyn. I strandsona må ein ta særleg omsyn til korleis planlagt utbygging vil sjå ut frå sjøsida
- Øyar, holmar og skjær der det ikkje er busetnad skal sparast for inngrep
- Landskapsilhuettar, oddar og nes har høg landskapsverdi og skal som hovudregel ikkje byggjast ut



Foto: Ane Bysheim

4.1.5 Vurdering av private innspel

Private innspel er ikkje i seg sjølv avgjerande for å lage ein god arealplan kommunen kan styre etter. Det er likevel praksis for at ein inviterer innbyggjarane og andre til å kome med innspel som ledd i arbeidet med å lage arealplan. Vi opna for innspel i framlegg til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema. Vi inviterte til innspel når planprogrammet var på offentlig ettersyn og høyring med frist 14 november 2017. Det er kome inn avgrensa med innspel til denne rulleringa, det kom 20 merknader til planprogrammet. Vi har i kommunikasjon med innbyggjarane og næringslivet vore tydelege på at det er ei temavis rullering og innspel utover tema vil ikkje bli vurdert.

I denne temavise rulleringa var det høve til å kome med innspel innanfor følgjande tema:

- Areal for havbruksrelatert næring på land og vatn, samt areal for
- djupvasskai
- Areal for gjenbruksmasser (div. typar jord og stein) i kommunen.
- Reiselivsrelatert næringsutvikling.
- Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser.

4.1.6 Massehandtering/ areal for overskotsmassar

I samband med massehandtering har det vore invitert til opent møte med bønder og andre interesserte. I dette møte hadde vi arbeidsverkstad, det var svært godt framme. Det har og vore arbeidsmøter med Statens vegevesen.



4.1.7 Reiselivsrelatert næring og Meland golf og naturpark

I arbeidet med tema reiselivsrelatert næring har vi hatt arbeidsmøter med administrasjon si arbeidsgruppe, næringen og potensielle aktører. Det har og vore dialogmøter med Meland golf og naturpark. Det er kome inn 5 innspel til tema, av desse er fire teke med etter konsekvensvurdering.

4.1.8 Arealbruk akvakultur

I prosessen med planen har vi hatt møter med ulike interessegrupper i arbeidet. Det har i samband med tema havbruk vore møter med havbruksnæringa i regionen og interesseorganisasjonane til næringa.

Det kom inn totalt fem innspel frå private aktører knytt til temaet akvakultur. Tre av desse låg i område som ein i akvakulturanalysen kom fram til som aktuelle. Dette gjeld utviding av eksisterande lokalitet ved Kjeppvikholmen, tilrettelegging for flytting av lokalitet frå Laksevika til Trollhola og tilrettelegging for ny lokalitet ved Skjelanger. Desse tre innspela er ikkje vurdert for seg sjølve med eigne konsekvensutgreiingar, då arealbruken er avklart i samband med akvakulturanalysen. I tillegg har det kome innspel frå Blom Fiskeoppdrett om å utvida eksisterande område i Laksevika, og frå Alsaker Fjordbruk om å utvida næringsareal på land i tilknytning til eksisterande settefiskanlegg i Rylandsvågen.

4.1.9 Barn og unge sine oppvekstvilkår

Det fysiske oppvekstmiljøet har stor verknad for opplevinga av ein trygg oppvekst, og sterk samanheng med motorisk utvikling og god helse. Å skape omgjevnader som gjev rom for fantasibasert leik, samvær og fysisk utfalding vert stadig meir viktig. Eit tema i rulleringa har vore å peike på areal for ny barneskule i Frekhaug – Dalstøområdet. I samband med denne prosessen som har gått parallelt med arbeidet med områderegulering B8 og B9, har det vore gjennomført barnetråkk og workshop i regi av ungdomsrådet. Det har og vore kartlagt turveger, nærturområder, leikeplasser og friluftsområder av verdi i planområdet der barneskule er tenkt plassert.



Figur 2: Barnetråkk

4.2 Plankvalitet

4.2.1 Føresegner

Meland kommune har utarbeidd føresegn og retningsliner til kommuneplanens arealdel som skal vere mest mogleg konkrete og robuste. Dei skal vere gode verktøy i den kommunale forvaltninga, og publikum skal på ein enkel måte kunne sette seg inn i kva handlingsrom som gjeld for deira eigedom.

Dispensasjonar frå kommuneplanen sin arealdel kan vere nødvendig sidan planen er laga på eit overordna nivå og umogeleg kan fange opp alle detaljar. Det er derfor lagt vekt på å formulere føresegnene til arealplanen slik at kommunen sitt ønskje for arealbruken kan gjennomførast utan mange dispensasjonar. Det vil alltid vere ein balansegang mellom detaljerte føresegner og fleksibel plan. Premissane for å sikre samordna areal- og transportplanlegging, folkehelseperspektivet, grønstruktur, gode og trygge oppvekstvilkår, gode leikeplassar og klimaomsyn ligg i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Dette er ei temarullering og det er ikkje store endringar på føresegnene.

Kommunen har hatt ein gjennomgang av alle gjeldande reguleringsplanar i kommunen, med fokus på byggeforbodet i strandsona. Alle planar som ligg innanfor forbodssona er teke ut av sone H910 og lagt inn som føresegnzone, der byggjegrensa mot sjø er vist i kommuneplankartet. Vi har lagt inn dei nye føresegnene som ein del av dei vedtekne føresegnene sin struktur. Føresegnene er samla i eit eige vedlegg til planen.

4.3 Konsekvensutgreiing


Plan og bygningslova krev at det blir gjort ei særskilt vurdering av verknader for miljø og samfunn når det blir utarbeidd planar som set rammer for framtidig utbygging. Kommuneplanen sin arealdel er dein slik plan. Dette vert kalla ei konsekvensutgreiing (heretter KU) av planen. Vidare krev plan- og bygningslova at det blir utarbeidd ein risiko- og sårbarhetsanalyse (heretter ROS). Målet med denne analysen er å etablere ei systematisk tilnærming til mogeleg framtidig fare og uønska hendingar, slik at nødvendige risikoreduserande tiltak kan identifiserast og takast omsyn til. Dersom ein gjennom arbeidet med KU og ROS oppdagar at det er fare på ferde eller at planen har negative konsekvensar, må kommunen synleggjere kva som må til for at planen kan gjennomførast.

Alle nye utbyggingsområde har gjennomgått KU og ROS. Det er eit eige vedlegg som inneheld alle konsekvensutgreiingane. ROS-analysane finst som eit eige kapittel i planskildringa.

Konsekvensutgreiing:

- **Metode**
 - KU og ROS i kommuneplanen sin arealdel blir utført på eit grovmaska, overordna nivå, og byggjer på kjent og registrert kunnskap.
- **Konsekvensutgreiing**
 - Arealbruken er vurdert i høve til arealstrategiane:
 - Overordna arealstrategiar
 - Arealstrategiar for landbruks-, natur- og friluftsområde
 - Arealstrategiar for bustadbygging
 - Arealstrategiar for næring
 - Arealstrategiar for fritidsbusetnad
 - Arealstrategiar for strandsona
 - Omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår
- **Vurdering og verdsetting av areala byggjer på følgjande kunnskap:**
 - Naturmangfald
 - Kulturminne og kulturmiljø
 - Landbruk
 - Erstatning

Figur 3: Døme KU-



4.3.1 Gjennomføring og metode

Alle framlegg til ny arealbruk er gått gjennom. I nokre tilfelle er det analysert eit større område enn den avgrensinga som til slutt ligg i planframlegget, slik har vi vurdert alternativ utforming eller lokalisering. ROS-analysen tek utgangspunkt i dei potensielle faremomenta som er avdekka av KU. Ny arealbruk er avgrensa etter ei samla vurdering i KU og ROS.

KU og ROS i kommuneplanen sin arealdel blir utført på eit grovmaska, overordna nivå, og byggjer på kjent og registrert kunnskap. Innhenting av ny kunnskap er avgrensa til det som trengs for å trekkje ein konklusjon. Ved utarbeiding av område- og detaljregulering, vil det som regel vere nødvendig å hente inn ny kunnskap, for å vurdere verknad av meir konkrete tiltak. Dette er teke med som eit eige punkt i dei generelle føresegnene.

Konsekvensutgreiinga er utført i tre trinn:

- Ny arealbruk i høve til arealstrategiane
- Vurdering og verdsetjing av areal
- Konsekvensar av ny arealbruk

Konsekvensutgreiinga fører til konklusjonar når det gjeld arealbruken. ROS-vurdering er deretter gjort for den nye arealbruken som planframlegget tilrår.

4.3.2 Konsekvensutgreiing

Dette er ein temavis rullering, og det er tatt utgangspunkt i desse ved gjennomgang av innspel. Arealbruken er vurdert i høve til arealstrategiane: ref. vedtak for arealstrategier 2015 v/ full rullering av KPA. Jordmassar frå problem til ressurs – ta vare på matjorda, rettleiar for offentleg forvaltning utgitt av region Nordhordland, har vore rettleiande for arbeidet.

- Overordna arealstrategiar
- Arealstrategiar for landbruks-, natur- og friluftsområde
- Arealstrategiar for næring
- Arealstrategiar for fritidsbusetnad
- Arealstrategiar for strandsona
- Omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår

Vurdering og verdsetting av areala byggjer på følgjande kunnskap:

- Naturmangfald
- Kulturminne og kulturmiljø
- Landbruk
- Friluftsliv
- Landskap / strandsona

TEMA	INNHALD	KUNNSKAP
MILJØ		
Klima Forureining Støy	Støy, avfall Drikkevasskjelde Forureining/utslepp i luft eller grunn	Oversiktskart over avlaupsnett Oversikt over trafikkmengde og utseppsløyver https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/
Jordbruk	Kjerneområde jordbruk Viktige kulturlandskap	https://nibio.no/tjenester Markslag Arealdifferensiering av landbruksareal i Meland kommune temakart Kjerneområde jordbruk Jordmassar frå problem til ressurs – ta vare på matjorda 2016
Skogbruk	Skogbruk med viktige produksjonsverdiar	https://nibio.no/tjenester Markslag Temakart Kjerneområde skogbruk
Naturverdiar og biologisk mangfald	Viktige naturtypar Biologisk mangfald Viltførekostar Område verna etter naturvernlova Strandsone	Viltet i Meland. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane 2004. Kartlegging og verdsetting av naturtypar i Meland 2002/2007/2013 Nibio Gardskart Biologisk mangfald i Meland kommune 2008 Kartlegging av funksjonell strandsone 2011 Kartlegging av sjøaurevassdrag i Meland kommune 1999 Miljødirektoratet Naturbase; http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/ Artsdatabanken artskart; https://artsdatabanken.no/
Kulturminne og kulturmiljø	Freda bygg og anlegg Verneverdige kulturminne eller kulturmiljø Eldre gardstun Naust og sjøhusmiljø	Askeladden med SEFRAK Naustmiljøkartlegging Jordkjellere i vest 2008 Kartleggingar i forbindelse med kulturminneplan for Meland kommune
Friluftsliv	Turvegar Badeplassar Regionalt registrerte friluftsområde Jakt og fiske Leikeområde Tilkomst til sjø	Barnetråkkregistreringar Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019 Område for friluftsliv; kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland, prosjektrapport 2008 Friluftskart Meland 2009 Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Meland 2016
Rydlands- vassdraget	Verna vassdrag	Forvaltningsplan for Rylandvassdraget

SAMFUNN		
Infrastruktur	Trafikktryggleik Skule og barnehage Aldersheim, omsorgsbustader Offentlege tenester Sevicetilbod Veg, vatn, avlaup IKT	Tiltaksplan for trafikksikring for 2017 – 2020 Nasjonal vegdatabank https://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart/#kartlag:geodarta/@600000,7225000,3 Tiltaksplan for vassforsyning avlaup og vassmiljø 2015-2019
Naturrisiko og klima	Grunntilhøve Skred, flaum, ekstremvær, vind, nedbør Radon Havnivåstiging Bruhavari Skog og grasbrann	Klimaplan for Meland kommune 2011 Oversiktskart NVE temakart skred og flaum; https://www.nve.no/flaum-og-skred/skrednett/ Temakart skredkartlegging Havnivåstiging http://www.ngu.no/kart/berggrunn, grunnvassdata, lausmassekart FylkesROS Meteorologisk institutt, Bergen Overordna Ros Meland kommune 2013
Energi	Energibruk Energireducerande tiltak EI – forsyning	Enova BKK energiutgreiing

4.4 Samla konsekvensar av planframlegget

Dei samla verknadene av planframlegget er vurdert under. Vurderingane er gjort for planframlegget totalt sett, for kvart utgreiingstema. Som resultat av konsekvensutgreiinga for kvart delområde, er ei nokon område tekne ut av planforslaget eller endra i omfang for å redusere dei negative verknadene.

4.4.1 Miljø og klima

Planforslaget er utarbeida med utgangspunkt i målsetjingar som skal bidra til å unngå negative verknader for miljø og klima og naturmangfold.

4.4.2 Samla belastning knytt særskilt opp mot akvakultur

I samband med akvakulturanalyse Multiconsult har utført for Meland kommune er det verte tilrådd fire areal for høvesvis akvakultur og/eller kombinert føremål i sjø. Tilrådingane er gjort med utgangspunkt i KU på eit overordna nivå. Det er gjort ei vurdering av samla belastning på fjordsystema som følgje av tilrådingane. Vi legg til grunn ei vurdering etter naturmangfaldslova §§ 8- 12.

4.4.2.1 Kunnskapsgrunnlaget (§ 8)

Kunnskapsgrunnlaget skal i følge Naturmangfaldlova (nml) stå i rimeleg forhold til plantiltaket sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Kunnskapsgrunnlaget byggjer i denne samanheng på eksisterande registreringar og overordna staus i dei forskjellige områda. Dei nasjonale databasane Naturbase, Artskart, Miljøstatus, Lakseregisteret, Vann-nett og Barentswatch (fiskehelse) har vore nytta. I tillegg har det vore nytta Havforskningsinstituttet (HI) sine årlege risikovurderingar knytt til akvakultur, samt nasjonale overvåkingsprogram for lakselus. Meland kommune sine eigne forvaltningsplanar for vassdrag samt kartlegging av sjøaurevassdrag i kommunen er òg teke med i kunnskapsgrunnlaget. Ev. andre kjelder vert referert til fortløpande. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert å vera tilfredsstillande med omsyn til plannivå og planføremåla sine omfang.

4.4.2.2 Føre-var-prinsippet (§ 9)

I følge nml § 9 skal ikkje mangel på kunnskap verte brukt som grunngeving for å utsetje eller unnlata å treffe forvaltningstiltak. Føre-var-prinsippet skal nyttast når ein ikkje har tilstrekkeleg kunnskap til å vite kva verknadar eit tiltak kan ha for naturmiljøet. Då kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som tilfredsstillande så er det med bakgrunn i dette ikkje grunn til å utsetje eller unnlata å treffe forvaltningstiltak. Føre-var-prinsippet vert med dette tillagt lite vekt.

4.4.2.3 Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10)

Jf. nml § 10 skal ein påverknad på eit økosystem vurderast ut frå den samla belastninga økosystemet har eller får som følge av påverknaden/tiltaket. For å vurdere tiltaket sin konsekvens på naturmiljøet skal samvirke mellom ulike påverknadar og tiltaket sin kumulative karakter sett i forhold til andre gjennomførte og planlagde tiltak verte vurdert.

Når det kjem til dei tilrådde innspela så vert det opna for å utvide eit eksisterande AK-område (areal nr. 3), dela eit større kombinertformål/fleirbruksareal opp i to mindre (areal nr. 7), og to nye område for AK tiltenkt tareoppdrett (areal nr. 6). Areal nr. 3 er som nemnt eit eksisterande AK-område som vert utvida for å få plass til ein gunstig utforming av eit anlegg utan at det førar til store negative konsekvensar for lokalmiljøet og andre viktige registreringar. Areal nr. 7 delar eit større fleirbruksområde i to for å unngå at det kan verte etablert akvakultur i den sentrale delen av området. Ein sikrar potensielt å kunne etablere to anlegg (eitt i kvart sitt område). Grunna storleiken på areala samt moglegheit for fleksibilitet i plassering av ev. anlegg vert område ikkje lagt inn som reine AK-område. Der det ikkje vert AK skal resten av areala nyttast til ferdsle og rekreasjon. Areal nr. 6 er i dag eit større fleirbruksområde/kombinertføremål.

Arealet er langt, men smalt, så det vert ugunstig med konvensjonell akvakultur i desse areala. Det vert difor opna for etablering av tareoppdrett. Tareoppdrett vil òg vera positivt for den økologiske tilstanden i fjordsystemet.

Isolert sett vil etablering av oppdrettsanlegg med påfølgjande utslepp av organiske partiklar og nærings salt påverke sjøbotnen og vanleg førekommande artar under anlegget negativt. Bademidlar og fôrbasert lusebehandling vil kunne ha negativ påverknad på nærområdet. Krava knytt til oppdrettlokalitetar er i dag strengare, og teknologien innanfor akvakultur har utvikla seg mykje dei siste åra. Dette er faktorar som ein må ta med seg i vurdering av nye lokalitetar og påverknadane frå desse.

Overvaking av lokalitetstilstandane (MOM-B) for konvensjonelle akvakulturanlegg i 2018 avdekkar at over 90 % av lokalitetane har tilstanden «God» eller betre. 7 % av lokalitetane hadde «Dårleg» tilstand, medan berre 1,5 % av lokalitetane hadde tilstand «Meget dårleg» (Fiskeridirektoratet).

Samla belastning på fjordsystema vil kunne auke, men det er òg sannsyn for at ein ikkje vil merke noko nemneverdig forskjell grunna utviklinga i bransjen, samt miljøfokus. Tilhøva kan til og med forbetra seg. Etablering av tareproduksjon vert sett på som eit særst positivt tiltak for Meland kommune, og vil kunne ha positive ringverkandar på økologisk tilstand i dei aktuelle områda.

4.4.2.4 Kostnadane med miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11)

Tiltakshavarane er klar over at kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som følgje av dei aktuelle tiltaka, skal dekkast av dei. Kostnadane inneber alle kostnadar knytt til førebyggjande eller restaurerande tiltak, irekna kostnadar for framskaffing av kunnskap.

4.4.2.5 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12)

For å unngå eller avgrense skade på naturmangfald skal miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, samt lokalisering av tiltak, verte vurdert. Generelt sett burde tiltak verte utført på ein mest mogleg skånsam måte, og ulike løysingar må verte vurdert med omsyn til m.a. naturmangfald.

4.4.3 Landbruk

For å ivareta jordbruket sine interesser, er kartlegging av kjerneområde landbruk nytta når ein ser på planframlegget samla sett, vert jordvernet styrka som følgje av at planframlegget legg til grunn at vi forbetrar jordbruskareal i drift og opparbeiding av nytt jordbruksareal.

4.4.4 Naturmangfald

Det er utarbeida eit temakart over naturtypar basert på Direktoratet for naturforvaltning(DN) sine tilgjengelege registreringar på vilt og biologisk mangfald. I tillegg til å unngå utbygging i område der det er verdifulle naturtypar eller er registrert raudlista artar, er det viktigaste ein kan gjere for naturmangfaldet å la urørte område få vere skjermte mot utbygging også i framtida . Samla sett vurderer vi konsekvensen for naturmangfald å vere låg.




Foto: Vegard Valde

4.4.5 Landskap

Hovudelement i verdisettinga av landskapet er:

- Landskapsform (hovudformer og småformer /terrengformer) Vegetasjonsbilete
- Vassdrag og fjord
- Bygningsmasse/tekniske anlegg, dvs. eksisterande inngrep i landskapet

Det er i planarbeidet lagt vekt på at nye områder blir plassert slik at negative verknader for landskapet i størst mogleg grad blir unngått. Inngrep i strandsona og på høgdedrag er svært synlege og har størst konsekvens for landskapskvalitetane.

Utlegging av større næringsområde kan ha negative verkander for landskapskvalitetane ved at næringsområde ofte blir sprengd ut og planert for å få ei rasjonell utforming. Det mageleg framtidige næringsområdet på Landsvik er eit slikt område. Realisering av dette området er avhengig av ny veg (Sambandet vest). Det er elles teke inn føresegner som sikrar at det ved utarbeiding av reguleringsplan skal leggjast vekt på terrengtilpassing.

4.4.6 Folkehelse

Det har vore eit mål i planen å unngå at nye næringsområde kjem i konflikt med bustadføremål. I arbeid med å finne eigna område for akvakultur har me vert medvetne på å vurdere konflikt opp mot boligområde på land. Dette mellom anna ut frå eit ønskje om å unngå uheldige verknader for bumiljøet i form av støy og transport. Dette målet er i svært stor grad nådd.

4.4.7 Samfunnstryggleik

Det er ikkje avdekka område med stort farepotensiale for skred, og ein føre var-haldning er lagt til grunn. Havnivåstiging og klimaendringar utgjør eit lågt farepotensiale i planområdet. For områder satt av til akvakultur/oppdrett er områdene vurdert i høve til vind og nokon områder får gult utslag på risiko for vind. Ytterlig vurdering av dette vert teke i søknadsprosessen for etablering av akvakultur. Samla sett fører planforslaget i liten grad til auka risiko.

4.4.8 Ny arealbruk som er lagt inn i arealplanen etter KU

Tabellen under syner framlegg til ny arealbruk som står att etter gjennomført konsekvensutgreiing, desse områda er det etterpå gjort ROS-analyse av.

<i>Formål:</i>	<i>Nummer:</i>	<i>Områdenamn:</i>	<i>Areal i daa:</i>
LNF-spreidd næring, areal for overskotsmassar	SN_15	Fløksand	7,5
LNF-spreidd næring, areal for overskotsmassar	SN_16	Fløksand Nord	5,6
LNF-spreidd næring, areal for overskotsmassar	SN_17	Landsvik	9
LNF-spreidd næring, areal for overskotsmassar	SN_18	Brakstad	2,5/1,5/3,4/0,6
LNF-spreidd næring, areal for overskotsmassar	SN_19	Nedre Tveit	7,3
LNF-spreidd næring, areal for overskotsmassar	SN_20	Nedre Tveit, Troppå gard	1,6
LNF-spreidd næring, areal for overskotsmassar	SN_21	Espetveit	7,5
LNF-spreidd næring, areal for overskotsmassar	SN_22	Espetveit vest	20,9

LNF-spreidd næring, areal for overskotsmassar	SN_23	Refskar	7,8
Bygg- og anlegg, areal for overskotsmassar	BE_3	Dalstø	24,3
Bygg- og anlegg, areal for overskotsmassar	BE_4	Dale/Hopland	51,7
LNF-spreidd næring, reiseliv	SN_24	Fureskjegget	8,9
LNF-spreidd næring, reiseliv	SN_25	Gripen	2,3/13,5
Næringsbebyggelse	N_18	Nedre Tveit	14,9
Akvakultur	AK_2	Kjeppevikholmen	
Kombinert formål i sjø	FEFIKFR_1	Skjelanger	
Kombinert formål i sjø	FEFIKFR_2	Gjerdneset	
Kombinert formål i sjø	FEAK_1	Vardneset	
Kombinert formål i sjø	FEAK_2	Gaustad	
Næringsbebyggelse	N_19	Landsvik	627

4.5 Risiko og sårbarhetsanalyse

4.5.1 Samfunnstryggleik

Både offentlege og private instansar har ansvaret for viktige samfunnsfunksjonar som vegnett, vassforsyning, avlaup, el-forsyning og IKT. Dette er nokre av dei viktigaste basisfunksjonane i eit velfungerande samfunn. Dersom denne infrastrukturen blir sett ut av funksjon, kan situasjonen fort bli kritisk, med store og lammande ringverknader for lokalsamfunnet.

Kommunen har eit særskilt ansvar for at ulike risikomoment og sårbare høve er kartlagt og teke tilstrekkeleg omsyn til i arealforvaltninga. Plan- og bygningslova § 4-3 er styrande for dette arbeidet, dvs. for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleiken. Kommuneplanen er den overordna planen som skal styre utnytting av areala i kommunen dei næraste åra. Kommunen må sjå til at dei tiltaka som vert med i planen og dei areala som er sett av til ny utnytting, vert analysert og vurdert med omsyn til å avdekke om tiltaka ligg i utsette område. Vidare om den endra bruken fører til at dei fysiske tilhøva vert endra, slik at ny risiko oppstår. Kommunen kan også gjere framlegg om tiltak som kan setjast i verk for å avbøte risiko og fare. Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal det alltid utarbeidast detaljert risiko- og sårbarhetsanalyse.

4.5.2 Kva er «Risiko- og sårbarhetsanalyse», ROS-analyse

Å gjennomføre ein ROS-analyse vil sei å kartleggje uønskte hendingar, dvs. hendingar som inneber fare for menneske, miljø, materielle verdiar og samfunnsviktige funksjonar. Rekkjefølgja på desse elementa er ikkje tilfeldig vald. Liv og helse vil alltid vere første prioritet. Risiko vert definert som ein funksjon av sannsyn og konsekvens, dvs.: RISIKO = SANNSYNN x KONSEKVENS

Det er lagt til grunn 5x5-matrise i analysen. Denne er tilrådd i faglitteraturen for overordna ROS, m.a. i «Handbok for arbeid med samfunnsikkerhet, krise- og beredskapsplanlegging» frå 2005/2006 (v/Arve Meidell). Som støttelitteratur i arbeidet har m.a. også DSB sin temarettleiar «Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen» frå 2014 og FylkesROS for Hordaland frå 2009, 2015 og delkapittel frå 2018 vore nytta.

Tabell 0-1. Kategoriar for sannsyn.

Tal i matrisa:	Kategori:	Kor ofte:	Årleg sannsyn:
S1	Svært lågt	Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 1000 år	< 0,1 %
S2	Lågt	1 gong i løpet av 100-1000 år	0,1-1 %
S3	Middels	1 gong i løpet av 50-100 år	1-2 %
S4	Høgt	1 gong i løpet av 10-50 år	2-10 %
S5	Svært høgt	Meir enn 1 gong i løpet av 10 år	> 10 %

Tabell 0-2. Samfunnsverdiar og konsekvenstypar.

Samfunnsverdiar:	Konsekvenstypar:
Liv og helse	Dødsfall Skadar og sjukdom
Natur og miljø	Langtidsskadar på naturmiljø Langtidsskadar på kulturmiljø Forureining
Økonomiske/materielle verdiar	Økonomiske tap
Stabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov Manglande kommunikasjon, infrastruktur, offentlege tenester mv.

Tabell 0-3. Konsekvenskategoriar knytt til samfunnsverdi «liv og helse».

Tal i matrisa:	Kategori:	Kriteriar:
K1	Svært små/ubetydelege	Ingen skadde/sjuka
K2	Små	Få lett skadde/sjuka
K3	Middels	Få, men alvorleg skadde/sjuka, mange mindre skadde/sjuka (> 10)
K4	Store	Inntil 2 døde, og/eller 5 alvorleg skadde/sjuka, og/eller < 10 evakuerte
K5	Svært store	> 3 døde, og/eller > 6 alvorleg skadde/sjuka, og/eller > 10 evakuerte

Tabell 0-4. Konsekvenskategoriar knytt til samfunnsverdi «natur og miljø».

Tal i matrisa:	Kategori:	Kriteriar:
K1	Svært små/ubetydelege	Ingen/ubetydelege skadar eller forureining
K2	Små	Mindre avgrensa skadar/forureining som utbetrast etter kort tid (< 3 år)
K3	Middels	Stort omfang, middels alvorgrad og/eller lite omfang, høg alvorgrad med varigheit 3-10 år
K4	Store	Stor og alvorleg skade/forureining med varigheit 3-10 år
K5	Svært store	Stor og alvorleg skade/forureining med varigheit > 10 år

Tabell 0-5. Konsekvenskategoriar knytt til samfunnsverdi «økonomiske/materielle verdiar».

Tal i matrisa:	Kategori:	Kriteriar:
K1	Svært små/ubetydelege	Skadar/tap for < 30 000 NOK
K2	Små	Skadar/tap for mellom 30 000-300 000 NOK
K3	Middels	Skadar/tap for mellom 300 000-3 mill. NOK
K4	Store	Skadar/tap for mellom 3-30 mill. NOK
K5	Svært store	Skadar/tap for > 30 mill. NOK

Tabell 0-6. Konsekvenskategoriar knytt til samfunnsverdi «stabilitet».

Tal i matrisa:	Kategori:	Kriteriar:
K1	Svært små/ubetydelege	Mellombels manglande dekning av behov/kommunikasjon for få
K2	Små	Mellombels manglande dekning av behov/kommunikasjon for 50-200 personar
K3	Middels	Manglande dekning av behov/kommunikasjon i fleire døger for 50-200 personar
K4	Store	Manglande dekning av behov/kommunikasjon i fleire døger for 200-1000 personar
K5	Svært store	Manglande dekning av behov/kommunikasjon i fleire døger for > 1000 personar

Utgangspunktet er å vurdere risiko først og fremst for at naturhendingar kan føre til skade på liv og helse, miljø og eventuelt føre til økonomiske konsekvensar for samfunnet og den enkelte innbyggjar. Men det må også vurderast om handlingar utført av individ eller verksemder kan føre til uakseptabel risiko for helse, miljø og økonomi. Følgjene av normale aktivitetar, t.d. større utbygging av bustad- eller næringsområde, endrar naturen og kan føre til at store nedbørmengder får større og meir alvorlege konsekvensar enn før. Vatn strøymer fortare over harde flatar og gjennom terreng fritt for vegetasjon. Som ein konsekvens av klimaendringar kan det i framtida bli fleire intense nedbørsperiodar. Kortvarig intens nedbør kan gje overbelastning av overvassystem og bekkar/stikkrenner og føre til lokale flaumar.

Årleg fører naturhendingar og verknader av menneskeskapte hendingar til skade på materielle verdier i landet vårt. Desse hendingane representerer også ein fare for liv og helse, men heldigvis er det eit fåtal dødsfall i vår kommune som er knytt til naturulukker. I mars 1699 døyde ein person i ei rasulukke, men andre dødsfall er ikkje å finne i historia. Menneskeskapte hendingar utløyer derimot oftast større fare for at liv kan gå tapt. Dette gjeld særleg ulykker knytt til ferdsel på land og sjø. Det er utarbeidd ein overordna ROS-analyse for kommunen, tilrådd av formannskapet i sak 124/13, møte 18.12.2013. Mykje av innhaldet i denne ligg til grunn for ROS-vurderingane, men det er i samband med temarevisjon av kommuneplanen sin arealdel (2019) utarbeida nye definisjonar for sannsyn (*Tabell 0-1*) og konsekvensar (*Tabell 0-3, 1-4, 1-5 og 1-6*), og følgjeleg ein ny risikomatrise

4.5.3 Naturhendingar

Risiko for naturulukker som skred, flaum og skogbrann er vurdert i den overordna ROS-analysen. I tillegg er ekstrem nedbør, høgare havnivå, stormflo og sterk vind viktige tema.

Ekstremvær

Hendingar knytt til ekstremvær omfattar sterk vind, stormflo, ekstreme temperaturar og svært store nedbørmengder over kort tid som intenst regn eller ekstreme snøfall. I Meland er utfordringane i hovudsak knytt til store nedbørmengder i form av regn, sterk vind og stormflo.

I ein kystkommune som vår, vil høgare vasstand enn normalt råka kystsona fleire gonger i løpet av eit år. Det same gjer sterk vind og store nedbørmengder. Desse hendingane er me difor vande med, og dei gamle byggeområda langs sjøen har teke høgde for dette. Dei er og stort sett plassert slik at vindskader vert minst moglege. Naust er bygd slik at vatnet renn ut att og vinden stryk langs taket. Bustadhus og lører er plassert og bygd for å tole klimaet på staden.

Klimaet er i endring – det er venta fleire og sterkare stormar, meir ekstrem nedbør og høgare nivå på hav og stormflo. Samstundes er byggemåtar og byggeskikk endra – bygningane er høgare, meir eksponert plassert og takflater og utspring er større slik at vinden får meir tak. Desse tilhøva samla gjer det viktig å freiste med å sjå kvar og korleis naturfenomena kan ramme og kva konsekvensar dei kan få. Er sannsynet stort og konsekvensane alvorlege for liv og helse, miljø eller økonomi, må tiltaket takast ut av planen.

Flaum

Svært intensiv nedbør over relativt kort tid kan føra til at bekkar, elvar og vatn går over sine breidder og førar til konvensjonell flaum, men òg urban flaum som følgje av meir bygde/harde flatar og stort press på vatn- og avløpssystema.

Flaumfaren knytt til Rylandsvatnet er den største i Meland kommune, og då hovudsakleg for Rylandselva som er har utløp i Rylandsvågen/Roslandspollen. Det er estimert at vasstanden i Rylandselva kan stige med så mykje som opp til 6 meter ved ei flaumhending. Det er fleire vassdrag i Meland kommune, kvar fleire har moderat fare for flaum, m.a. Mjåtveitelva, Holmebekken og Brakstadelva. Dei fleste av desse (med unntak av Mjåtveitelva) har kort veg ut til havet. Sannsyn for flaum vil auke i framtida grunna klimaendringar.

Skred

Skred er ei av naturhendingane som tek flest liv i Noreg. Skred er rask flytting av massar ned ei skråning. Dei kan grovt sett delast inn i tre typar; skred frå fast fjell, skred i lausmassar og snøskred. Skred frå fast fjell vert ofte løyst ut av store nedbørsmengder, naturleg erosjon, temperatursvingingar eller ekstrem belastning, som t.d. jordskjelv. Lausmasseskred er forårsaka av store nedbørsmengder og flaum, kraftig snøsmelting eller menneskelege inngrep i naturen som endrar stabilitetstilhøva.

Ekstreme hendingar som jordskjelv kan òg utløysa slike skred. Snøskred vert utløyst av eit komplekst samspel mellom snø, vêr og terreng. I tillegg kan snøskred verte løyst ut av menneskelege aktivitetar som scooterkøyring og skiaktivitet. Sannsyn for snøskred i Meland kommune er svært lågt m.a. grunna kystklimaet. Det ligg få faresonar for ras i gjeldande KPA. Desse er som regel knytt til område for næring eller råstoffutvinning, eller veldig bratte areal/skjeringar mot sjø. Det største samanhengande fareområdet ligg på Strangefjellet. Det er eit område i Meland kor det er påvist kvikkleire. Dette ligg ved Leiro, nordvest for Fløksand. Dette området ligg ikkje inne i gjeldande KPA som fareområde for skred.

Stormflo

Stormflo oppstår ved samanfall av høgt astronomisk tidevatn, sterk vind og høge bølger. 200-års returnivå for stormflo (tryggleiksklasse 2 i TEK17) med klimapåslag for Meland er estimert å liggje på 206 cm over NN2000. Det vert vidare anbefalt av DSB å runde av til nærmaste 10 cm, difor må ein ta utgangspunkt i ei høgde på 210 cm over NN2000 i planlegginga.

Havnivået vil truleg stige, men det tek lang tid før det vert så mykje høgare enn i dag at det får alvorleg verknad. Likevel bør ein i planar for utbygging stille krav om at bygningar og installasjonar med lang levetid blir plassert utanfor rekkevidde av eit havnivå som vil vere 1 m høgare enn i dag innan år 2100.

Sterk vind

Det er i følgje den overordna ROS-analysen for Meland kommune venta ei auke av vindkast opp til 40 m/s og meir, gjerne i kombinasjon med høge nedbørsmengder og stormflo. Gjennomsnittleg vindhastigheit er venta å auke særleg i vinterhalvåret.

Skogbrann

I Meland er det mykje skog, lyngheier og einemark. Det oppstår relativt ofte mindre brannar i gras og kratt, men desse utviklar seg sjeldan til å verte skogbrann. Sannsynet for små brannar er svært høgt, men med små konsekvensar. Lengre tørkeperiodar på vår/sumar i tillegg til auke i vind gjer at sannsyn for skogbrann vert større i framtida

4.5.4 Krav i TEK17

Byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7 omfattar krav om tryggleik mot naturpåkjenningar, her under tryggleik mot flaum, stormflo og skred. Desse reglane legg til grunn kva for tryggleiksnivå ein skal ta utgangspunkt i ved regulering og bygging i fareområde.

Tryggleikskrava er førande for plan. Krava vert lagt til grunn for ROS-analysar etter plan- og bygningslova § 4-3. Kjente farar og risikotilhøve skal verte synleggjort og takast omsyn til i kommunen sin arealplanlegging. Tryggleikskrava kan avgrense, eller gje grunnlag for å avslå moglegheit til å regulere eit område til utbygging.

Klimaendringane vil sannsynlegvis føre til hyppigare hendingar av flaum og skred, og at dei vert meir ekstreme. Ny kunnskap om potensielle fareområde og effektar av klimaendringane, kan føre til at områder som tidligare har vore sett på som tilstrekkeleg trygge for t.d. busetnad, ikkje lenger innfrir krava til tryggleik i plan- og bygningslova og i byggteknisk forskrift. For bygg som kjem i tryggleiksklasse 3 for høvesvis flaum/stormflo og skred jf. TEK17, så skal desse ikkje verte plassert i område som er utsett for dei aktuelle farane.

4.5.5 Menneskeskapte hendingar

Av dei menneskeskapte hendingane er det auka trafikkfare, lang utrykkingstid, brann og verksemdbaserte ulukker som er vurdert som så farlege for liv og helse, miljø og økonomi at dei er teke med i ROS-analysen for dei einskilde områda.

Kommunen har fleire vegar som ikkje er dimensjonert for endra/auka trafikk. Dei dårlege vegane slår inn i høve til tida ambulans og andre utrykkingskøyretøy treng for å komme fram til ein ulukkesstad frå sitt utgangspunkt. Dei restriksjonane som følgjer av låg vegstandard, må få konsekvensar for plassering av nye bustadfelt og offentlege bygg som skule, barnehage og sjukeheim. I føresegnene til kommuneplanen er det lagt inn krav om ROS-analyse for det enkelte tiltaket som går meir i detalj enn det ein gjer i dette grunnlagsarbeidet. Rekkefølgekrav, ulike tiltak for skjerming og reduksjon av risiko kan vere tiltak som må setjast i verk for å sikre at ny arealbruk ikkje fører til auka risiko for uønskete hendingar. Alle nye tiltak som ikkje fell innanfor eit område som kan verte nådd av naudetatane innanfor ønskt responstid for Meland kommune, burde ha særskild vurdering.

Brann og eksplosjonsfare i Meland er vurdert nærmare i den overordna ROS-en kap. 5. I denne temarulleringa vert risiko for brann og verksemdbaserte ulukker vurdert for dei tilrådde areala. Sjølv om skogbrann per definisjon er ei naturhending, vert dette inkludert under fellesnemninga «brann» med omsyn til uønskete hendingar. Nordhordland Brann og Redning IKS har til ei kvar tid minimum 9 personar på vakt til å rykke ut til brann og ulukker. Nærmaste stasjon til Meland er hovudstasjonen som ligg ved Isdalstø mellom Alversund og Knarvik. Dei fleste områda av Meland vert nådd innanfor 20 minuttar.

Tømming av ballastvatn er døme på ei anna hending som får konsekvensar, men Meland har ingen større hamneområde, og hendinga er handtert i samband med overordna ROS for kommunen under kapittel 3. Der er konklusjonen at sannsyn og konsekvens er låg, og hendinga er ikkje teke med i ROS for det enkelte området som er teke med i kommuneplanen.

4.5.6 Akseptkriteria og definisjonar

I arbeidet med vurderingane for kvart framlegg til ny arealbruk eller privat innspel, er det teke utgangspunkt i konsekvensutgreiinga (KU) for området. Vidare er det nytta nye akseptkriterier/ny risikomatrixe utarbeida som ein del av denne temarevisjonen Dei uønskta hendingane (UH) som er teke med, er dei hendingane som er vurdert i kapittel 1 i overordna ROS for kommunen – «Klimaendringar og naturulukker», og det er definisjonane nytta i dette kapitelet som er lagt til grunn for hovuddelen av ROS-arbeidet i kommuneplanen. I tillegg er trafikkfare og utrykkingstid vurdert ut frå dei definisjonane som kjem fram i kapittel 4 i overordna ROS – «Svikt i kritisk infrastruktur». Uønskta hendingar knytt til brann (unnateke skogbrann jf. kapittel 1) vert definert som einskildepisodar med branntilløp i bustad og fritidsbustad – brannar som ikkje skuldast næring, industri eller transport av farleg/eksplosivt materiale, jf. overordna ROS kapittel 5 – «Storulukker, masseskadar, atomulukker og radioaktiv stråling». Definisjon av verksemdbaserte ulukker vert ikkje henta frå noko konkret kapittel i overordna ROS, men vert særskild vurdert frå verksemd til verksemd ut frå arealformål og ev. byggje- og anleggsfase.

		Risikomatrixe																								
		Liv og helse					Natur og miljø					Økonomiske/materielle verdiar					Stabilitet									
		S5	S4	S3	S2	S1	S5	S4	S3	S2	S1	S5	S4	S3	S2	S1	S5	S4	S3	S2	S1					
S5: Svært høgt Meir enn 1 gong i løpet av 10 år (> 10 % pr. år)																										
S4: Høgt 1 gong i løpet av 10-50 år (2-10 % pr. år)																										
S3: Middels 1 gong i løpet av 50-100 år (1-2 % pr. år)																										
S2: Lågt 1 gong i løpet av 100-1000 år (0,1-1 % pr. år)																										
S1: Svært lågt Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 1000 år (< 0,1 % pr. år)																										
		K1	K2	K3	K4	K5	K1	K2	K3	K4	K5	K1	K2	K3	K4	K5	K1	K2	K3	K4	K5	K1	K2	K3	K4	K5
K1: Svært små/ubetydeleg	Ingen skadde/sjuka						Ingen/ubetydelege skadar eller forureining						Skadar/tap for < 30 000 NOK						Mellombels manglande dekning av behov/kommunikasjon for få							
K2: Små	Få lett skadde/sjuka						Mindre avgrensa skadar/forureining som utbetrast etter kort tid (< 3 år)						Skadar/tap for mellom 30 000-300 000 NOK						Mellombels manglande dekning av behov/kommunikasjon for 50-200 personar							
K3: Middels	Få, men alvorlege skadde/sjuka, mange mindre skadde/sjuka (> 10)						Stort omfang, middels alvorlegheit/lite omfang, høg alvorlegheit med varigheit 3-10 år						Skadar/tap for mellom 300 000-3 mill. NOK						Manglande dekning av behov/kommunikasjon i fleire døger for 50-200 personar							
K4: Store	Inntil 2 døde, og/eller 5 alvorleg skadde/sjuka, og/eller < 10 evakuerte						Stor og alvorleg skade/forureining med varigheit 3-10 år						Skadar/tap for mellom 3-30 mill. NOK						Manglande dekning av behov/kommunikasjon i fleire døger for 200-1000 personar							
K5: Svært store	> 3 døde, og/eller > 6 alvorleg skadde/sjuka, og/eller > 10 evakuerte						Stor og alvorleg skade/forureining med varigheit > 10 år						Skadar/tap for > 30 mill. NOK						Manglande dekning av behov/kommunikasjon i fleire døger for > 1000 personar							

Tabell 0-7. Oversikt over uønskete hendinger (UH) og forkortinger for arealformål på mogleg ny arealbruk.

Uønskete hendinger:	Forkortinger arealformål:
UH1 = Stormflo UH2 = Ekstrem nedbør UH3 = Skred UH4 = Sterkt vind UH5 = Trafikkfare UH6 = Utrykking UH7 = Brann (inkl. skogbrann) UH8 = Verksemdbasert ulukke	VA = Akvakultur VKA = Kombinert formål i sjø BA = Bygg og anlegg LS = LNFR spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygg BN = Næringsbygningar

Tabell 0-8. Risikovurdering av mogleg ny arealbruk

Område	Stad	Areal-formål	UH1	UH2	UH3	UH4	UH5	UH6	UH7	UH8
AK_2	Kjeppevik-holmen	VA	S1K1	S1K1	S1K1	S5K2	S1K1	S1K1	S1K1	S3K2
FEFIKFR_1	Skjelanger	VKA	S1K1	S1K1	S1K1	S5K2	S1K1	S1K1	S1K1	S3K2
FEFIKFR_2	Gjerde-neset	VKA	S1K1	S1K1	S1K1	S5K2	S1K1	S1K1	S1K1	S3K2
FEAK_1	Vard-neset	VKA	S1K1	S1K1	S1K1	S5K2	S1K1	S1K1	S1K1	S3K2
FEAK_2	Gaustad	VKA	S1K1	S1K1	S1K1	S5K2	S1K1	S1K1	S1K1	S3K2
BE_3	Dalstø	BA	S1K1	S5K1	S4K1	S4K1	S4K2	S3K2	S3K1	S4K1
BE_4	Dale/Hopland	BA	S1K1	S5K1	S4K1	S4K1	S4K2	S3K2	S3K1	S4K1
SBFN_2	Fløksand	LS	S1K1	S5K1	S1K1	S4K1	S4K2	S3K2	S3K1	S4K1
SBFN_3	Fløksand nord	LS	S1K1	S5K1	S1K1	S4K1	S4K2	S3K2	S3K1	S4K1
SBFN_4	Brakstad	LS	S1K1	S5K2	S1K1	S4K1	S1K1	S1K1	S3K1	S4K1
SN_11	Nedre Tveit	LS	S1K1	S5K1	S4K1	S4K1	S1K1	S1K1	S3K1	S4K1

SN_12	Nedre Tveit, Troppågard	LS	S1K1	S5K1	S1K1	S4K1	S4K2	S3K2	S3K1	S4K1
SBFN_5	Espetveit	LS	S1K1	S5K1	S4K1	S4K1	S4K2	S3K2	S3K1	S4K1
SBFN_6	Espetveit vest	LS	S1K1	S5K1	S4K1	S4K1	S4K2	S3K2	S3K1	S4K1
SBFN_7	Refskar	LS	S1K1	S5K1	S4K1	S4K1	S4K2	S3K2	S3K1	S4K1
SBFN_8	Fure-skjegget	LS	S3K2	S5K1	S3K1	S4K1	S4K2	S3K2	S3K1	S4K1
SBFN_9	Gripen	LS	S1K1	S5K1	S1K1	S4K1	S4K2	S4K2	S3K1	S4K1
N_10	Nedre Tveit	BN	S1K1	S5K1	S1K1	S4K1	S3K1	S3K1	S3K1	S4K1

4.5.7 Kjelder og metode

For kvart arealinnspel er dei enkelte hendingane vurdert individuelt, med utgangspunkt i risikomatriza. Ved vurdering av **sannsynet** for ei hending har ein m.a. teke utgangspunkt i grunnkart for å vurdere mellom anna lokalisering i høve til sjø, vindeksponering, vassdrag og veg, og NVE sine kartdatabasar (atlas.nve.no) er nytta for å vise faresoner for ras, skred og flaum. I vurderinga av sannsynet for trafikkuhell og utfordringar knytt til utrykkingskøyretøy, har ein nytta Statens vegvesen sitt vegkart for å vurdere vegstandard, trafikkmengd og hastigheit på vegen (vegkart.no). Vurdering av konsekvensar av dei uønskte hendingane er gjort med utgangspunkt i risikomatriza si 5- deling, og erfaringar knytt til ulike typar arealbruk. Eksempelvis vil stormflo få mindre konsekvensar dersom det fører til øydeleggingar på eit naust, kontra eit bustadhus. Vurderingar av trafikkfare og utrykking er gjort med utgangspunkt i eksisterande trafikkmengde, fart og vegstandard i forhold til auka trafikk i eksisterande avkøyrsløse eller ny avkøyrsløse knytt til tiltaket.

4.5.8 Spesielt om akvakultur

ROS-analysen, og metodebruket, er i utgangspunktet utarbeidd med fokus på arealbruk på land og i strandsona. I samband med akvakulturanlegg i sjø møter ein på litt andre problemstillingar knytt til uønskte hendingar, til dømes rømming av fisk. Ein har likevel vald å ikkje leggja til grunn eigne ROS-tema og kriterium for akvakultur, då dei uønskte hendingane i stor grad er knytt til drifta på anlegget snarare enn lokaliseringa og sjølve arealbeslaget. Det mest relevante temaet knytt til akvakultur på kommuneplannivå vil vera vindpåverknad, medan omsyn til miljø og båttrafikk mv. vert omtala i konsekvensutgreiinga, og i samband med søknad om lokaliteten etter anna lovverk. Nettopp handsaminga etter anna lovverk, samt det faktum at ein i kommuneplanen ser på arealbruket i seg sjølve, gjer at dei spesifikke driftsmessige tilhøva må diskuterast ved søknad om konsesjon og lokalitetar snarare enn på dette nivået.

5 Nærare omtale av temarevisjon som er teke med i plankartet

5.1 Havbruksrealtert næring til land og vann og djupvannskai

5.1.1 Status


I innleiinga vert det vist til at tema havbruk ikkje er vedteke som ein del av det juridisk bindane plankartet og føresegner. Havbruksrealtert næring til land og vann og djupvannskai er ikkje ein del av det juridisk bindande plankartet og føresegnene. Areal for havbruk er i samsvar med kommuneplan godkjent i sak 17.06.2015. Tema havbruk er framleis ein del av planomtalen. Fylkesmannen i Vestland varsla motsegn til tema. Meland kommune ynskjer å synleggjere at dette er eit tema som blir sendt vidare for endelig avgjersle i kommunal- og moderniseringsdepartementet.

5.1.2 Gjeldande kommuneplan

Det er i kommuneplanens arealdel (2015- 2026) avsett 6 område for havbruksnæringa i sjø. Tre av desse er sett av til «Akvakultur», medan tre er avsett til dei kombinerte føremåla «Ferdslø, fiske, akvakultur og friluftsliv», og «Ferdslø og akvakultur». Bakgrunnen for at det er avsett område til kombinert føremål, er at områda er store og at ein ønskjer å sikra ferdsle og fiske i desse, og ikkje låsar arealbruken til akvakultur. Av dei tre områda avsett til akvakultur er, er to av dei knytt opp mot Alsaker Fjordbruk sitt settefiskanlegg i Rylandsvåg, og det siste omfattar eksisterande matfiskanlegg i Laksevika. Eksisterande matfisklokalitet ved Kjeppvikholmen ligg i det kombinerte føremålet «Ferdslø og akvakultur». Totalt i kommunen er det desse tre anlegga som har konsesjon til å drive produksjon av matfisk og settefisk (Rylandsvåg).

5.1.3 Akvakulturanalyse

I sambandet med rullering av deltema havbruk, er det gjennomført ein akvakulturanalyse for å finna område som kan setjast av til akvakultur. Arbeidet er organisert som ei interesseavklaring mellom akvakultur og andre bruks- og verneinteresser på eit overordna nivå. Vekting av temadata er gjort med utgangspunkt i akvakultur generelt, altså ikkje med spesiell fokus på laks og regnbogeaure. Når det gjeld interesseavklaring og konsekvensutgreiing på kommunalt nivå, er det akvakultur som føremål ein skal utgreia. Uavhengig av dette må det søkast om konsesjon på vanleg måte for akvakulturlokalitetar. Ein slik konsesjonssøknad vert sendt for uttale til både Fiskeridirektoratet, Fylkesmann, Kystverket, Mattilsynet og til den aktuelle kommune.



5.1.4 Naturgrunnlag i sjø

Innanfor kvar kategori er dei ulike sektorinteressene og registreringane verdsett med fargane grøn, gul og raud, der tema i raud kategori ikkje er foreinleg med akvakultur. I gul kategori må det gjerast individuelle vurderingar for kvart område, medan det i grøn kategori potensielt ikkje er nokon konflikt. Det må påpeikast at avklaringane knytt til konfliktpotensialet gjeld arealbruken åleine, og ikkje påverknad i form av eventuelle utsepp frå oppdrettsanlegg. I tillegg til å sjå på område i sjø, har ein sett på potensiale for settefiskanlegg på land. I dette arbeidet har ein vurdert område som i kommuneplanens arealdel (2015-2026) er avsett til næring, og nye område som kan eigna seg til settefiskanlegg. Fokuset har mellom anna vore på vegtilkomst, ferskvasskjelde, høgdeforskjell og tilkomst til sjø og avstand til bustader.

5.1.5 Vasskvalitet og driftstilhøve

I samband med akvakulturanalysen og KU av potensielle akvakulturområde, har ein sett på økologisk tilstand i fjordsystema. Ein gjennomgang av fjordsystemet basert på tilgjengeleg kunnskap om økologisk tilstand, viser at nordre del av Hjeltefjorden, Radfjorden, Byfjorden og søndre del av Herdlefjorden har moderat økologisk tilstand. Knarvik og Herdlefjorden nord er registrert med god tilstand(www.vann-nett.no). Økologisk tilstand er ikkje direkte brukt for å utelukka lokalitetar, då miljøkrav og andre driftstilhøve ikkje bør avklarast på kommuneplannivå, jf. rundskriv H-6/18, Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder.

Registreringane av økologisk tilstand gir likevel ein peikepinn på status i fjordsystemet, og kan saman med andre faktorar vere med på å utelukke ein lokalitet. Samstundes vil ny teknologi, til dømes lukka anlegg, gjere det mogleg å nytta delar av fjorden som ikkje er eigna i dag. Faktorar som går på drift av akvakulturlokalitetar vert regulert i sektorlovar, mellom anna Akvakulturlova. Mattilsynet anbefaler elles ein minste avstand mellom matfiskanlegg i sjø på 2,5 km.

Gjennom akvakulturanalysen kom ein fram til sju potensielle område for akvakultur i sjø. Desse er konsekvensutgreia, og aktuelle område har gått gjennom ein ROS-analyse. Etter KU enda ein opp med å utvida eksisterande akvakulturområde ved Kjeppvikholmen(AK_2), dela opp kombinasjonsføremålet ved Skjelanger fort (FEFIKFR_1 og 2), opna for to nye område for tare-/skjelanleggved Gaustad (FEAK_1 og 2. Bakgrunnen for at det vart stilla restriksjonar på typen akvakultur ein kan etablere ved Gaustad, er at det avsette området er smalt og lite eigna for tradisjonelle matfiskanlegg, men det kan vere mogleg å etablere annan type akvakultur på staden. I arbeidet med å finna eigna område for akvakultur på land vart det klart at fleire av områda som er avsett til næring i gjeldande kommuneplan har utfordringar anten med stor avstand og høgdeforskjell til sjø, manglande ferskvasskjelde, dårlig vegtilkomst eller for kort avstand til bustader.

5.1.6 Krav til reguleringsplan


Det er ikkje stilt krav til reguleringsplan for nye lokaliteter i sjø. I samband med søknad om lokaliteter er det krav om utarbeiding av ei grundig konsekvensutgreiing, mellom anna knytt til naturmangfold, friluftsliv, straumtilhøve mm.. Det er likevel innarbeidd i føresegnene at kommunen kan fremje krav til reguleringsplan for den enkelte lokaliteten, dersom ein finn dette naudsynt.

5.1.7 Djupvasskai

Det var planlagt og godt tilrettelagt for djupvasskai på Hjertås i arbeidet med gjeldandekommuneplan (2015-2026). Det er no ikkje høve til å vidareutvikle denne på grunn av militærforbodssone som er etablert av forsvaret i området. I arbeidet med å vurdere areal for havbruksrelatert næring, er det gjort eit arbeid for å finna eigna areal for djupvasskai i Meland. For å sikra areal som er godt eigna for djupvasskai, er det sett på fleire viktige faktorar på eit overordna nivå. Vind- og bølgegje påverknad er vurdert ut frå topografi og dominerande vindretningar, og straumtilhøve er vurdert på eit overordna nivå mellom anna med utgangspunkt i tilgjengelege djupnedata. Topografien på land er og vurdert i høve til vegtilkomst til kaien, samt behovet for skjeringar og utfylling.

Ved detaljprosjektering av djupvasskai må det innhenta meir detaljerte djupne -og straumdata, for å vurdere eignaheit og moglegheit for gjenbruk av sprengingsmasser i form av sjøfylling. Gjennomgangen av eksisterande næringsområde og potensielle område for ny djupvasskai, viste at det er få stader i kommunen som eignar seg godt til ein slik kai. Det er fleire faktorar som spelar inn, men bratt terreng og dårleg vegtilkomst går igjen. Etter gjennomgangen satt ein igjen med eit område på Landsvik, og eit område ved Vardneset/Kvernhusa. Området på Landsvik låg i gjeldande kommuneplan inne som LNF-område med krav til infrastruktur og opning for framtidig næringsetablering.

Ein ser framleis på området som det best eigna i kommunen for ein ny djupvasskai, så lenge ein får på plass akseptabel infrastruktur for samferdsel. Området ved Vardneset har ein vald å ikkje leggja inn i kommuneplanen i denne rulleringa. Bakgrunnen er at terrenget på staden er så bratt at etablering av kai vil føra med seg høge skjeringar i bakkant, og vegtilkomsten er ikkje sikra. Sjølv om arealet ikkje er avsett til næring, har ein sikra open passasje i sjø dersom det skulle visa seg at området bør gjerast om til næring ved ein seinare anledning.



Figur 5: Utsnitt frå analyse av mogleg plassering av djupvasskai

5.1.8 Areal for akvakultur på land

For areal på land til akvakultur er tilgang på ferskvatn og tilfredsstillande infrastruktur viktige grunnlag som må ligge til rette. Det bør være tilkomstveg med tilfredsstillande standard fram til eit settefiskanlegg. Det er behov for ein tilfredsstillande resipient i tilknytning til anlegget. Landbasert akvakultur er arealkrevjande, og det er behov for eit større areal som kan planerast. Det må vere nærleik til sjø og vatn til produksjonen. Det må kunne sleppast ut avløpsvatn til sjø. Det bør vere høve for å etablere kai i tilknytning til anlegget, slik at det er mogleg å transportere fisk.

5.1.9 Landsvik næringsområde

Området på Landsvik låg i gjeldande kommuneplan inne som LNF-område med krav til infrastruktur og opning for framtidig næringsetablering. Området vart ved førre rullering føreslått som næringsområde, men vart omgjort til LNF med infrastrukturene etter forhandlingar med Fylkesmannen. Området er aktuelt for etablering av settefiskanlegg på eksisterande næringsområde i kommunen. Område med fleksibilitet med tanke på plassering og arealutnytting. Området grensar til sjø, og det er gode moglegheiter for å etablere kai. Området er vurdert som eigna til areal for næring på land.

5.1.10 Område for småbåthamner

I arealformålet Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, plan- og bygningslova § 11-7, pkt 6, det er ikkje gjort arealmessige endringar frå gjeldande plan. Vi har gjort eit endring i føresegnene når det gjeld ei småbåthamn. I framlegget til kommuneplan legg vi opp til ei konkret tal for båtplassar i båthamna på lo. I gjeldane plan låg dette inne i planen utan eit tal på båtplassar. Det er og lagt til eit rekkefølgekrav til vegutbetring knytt til utvikling av småbåthamner på lo i planen.

5.2 Areal for massehandtering

I arbeidet med rullering av arealdelen av kommuneplanen på tema, har kommunen hatt eit særskilt fokus på å finne areal til varig plassering av jordmassar. Kommunen har i samarbeid med landbruksnæringa vurdert områder for varig plassering av masser eigna til landbruksproduksjon.

Vi har og sett på eventuell endra arealbruk i høve til massehandtering, i samanheng med kvar det er lagt ut areal for bustad og næring i gjeldane arealplan. Slik kan vi nå målet om reduksjon i transport under utbygging. Det er under planlegging fleire omfattande reguleringsplanar for vegutbetringar og gang / sykkelvegløysningar som ein del av Nordhordlandspakken. Realisering av desse tiltaka vil generere overskotsmasser som må planleggast nytta til gjenbruk. Dette gjeld særleg området Fosse - Moldekleiv, Flatøy, Frekhaug sentrum og Vikebø - Rossland. To områder er lagt inn i planen som område for bygg og anlegg, plan- og bygningslova § 11-7, pkt 1.

5.2.1 Mindre areal for overskotsmassar

Overskotsmasser frå dyrka mark og jordmassar som er eigna til landbruksproduksjon, bør nyttast til eksisterande jordbruksareal og difor leverast til godkjende område for dette formålet. Vi har vurdert fleire slike stader i tilknytning til nye utbyggingsområder der ein kan legge inn LNFR- spreidd næring (SN). Dette arbeidet er gjort i samarbeid med aktive bønder i Meland, der det kan vere aktuelt med jordforbetringstiltak eller opparbeiding av nytt jordbruksareal. Arealformålet har blitt valgt på bakgrunn av område si plassering, landskap, nærmiljø, omfang, konfliktpotensiale m.m.

Områda varierer i storleik, men landbruk er formålet for alle områda som er lagt ut. Korleis det skal plasserast massar internt i områda og i kva tidsperiode og omfang må avklarast ved søknad om tiltak. Dette vil også legge grunnlaget for kva lovverk tiltaket skal handsamast etter. Det er i føresegna lagt til grunn fleire ulike moment som må vurderast og-/eller sikrast ved løyve til tiltak til massehandtering innanfor desse områda.

Under er det oppsummert i tabell areal for spreidd næring, Landbruks-, natur- og friluftsområde, plan- og bygningslova § 11-7, pkt 5.



Foto: Marius F. Knudsen

5.3 Reiselivsrelatert næringsutvikling

Meland kommune har mange attraktive område å tilby reisande som opplevingar knytt til kulturlandskap, kystlina, aktiv ferie, lokalmatkultur og overnattingsstader med kvalitet. I planarbeidet har ein arbeidd saman med landbruksnæringa for å syna areal knytt til natur- og kulturbasert reiselivsutvikling.

Plan- og bygningslova opnar for at det kan setjast av område til LNF spreidd næring, og kommunen har i denne planen brukt arealformålet for å leggja tilrette for utvikling av reiselivsnæring knytt til landbrukseigedomar. Rettleiar til plan- og bygningsloven, Garden som ressurs gjev kriterier for kva ein skal vektleggja i slike saker. Omfang, lokalisering og føremål skal synast på plankartet og/eller i føresegnene. Målet med dette verkemiddelet er å innpassa nokre spreidde bygningar til anna bruk enn landbruksrealtert verksemd i LNF-områda, utan at det krev planrevisjon, reguleringsplan eller dispensasjon i det enkelte tilfellet. Naudsynte tiltak for landbruk og gardstilknytta næring som er basert på garden sitt ressursgrunnlag er tillate både i LNF-område og LNF-spreidd næring.



Foto: Marius F. Knudsen

I førre plan vart det teke inn 10-12 gardstun der ein ville leggje til rette for næring i tilknytning til landbruk, desse vert vidareført i denne planen. To større areal for campingplass og småbåthamn på lo ligg framleis inne. Områda vart lagt ut der det alt i dag fins ei kjerne av aktivitet og grunneigarar har gjeve uttrykk for at det er interessant å utvikle området, og dette har ein bygd vidare på i denne rulleringa.

Det vert i denne planen lagt ut 2 nye område for reiseliv som LNF-spreidd næring og eit som næringsbygg knytt til reiseliv-/kursverksemd knytt til garden. Der gardsbruk har konkrete planar om satsing på reiseliv har ein opna for nye næringsbygg, bruksendring eller utviding av eksisterande bygg. Området er vist på kart, og føresegnene gjev opplisting av kva tiltak som kan vil vera i samsvar med planføremålet. På Furesjegget er det lagt ut eit LNF- spreidd område. Her er det er høve til å bygge inntil fire mindre 16 kvd. hytter for utleige. Her er det viktig at verdier i strandsona ikkje vert nedbygd og at ferdsel innan 100 metersbelte vert ivareteke. For alle områda gjeld at tiltaka ikkje må koma i konflikt med natur- og kulturverdiar –jordvern, fri ferdsel, ras og skred og trafikktryggleik dette er sikra i føresegnene.

Større, tyngre verksemder som fører til vesentleg større trafikk og kan gje konsekvensar for omgjevnader og miljøverdiar er ikkje aktuelt å leggja til rette for innanfor LNF-spreidd næring. Slik type næringsaktivitet krev regulering. Det er lagt ut eit næringsområde for reiseliv/kurs/lokalmat med krav om reguleringsplan.

Område	Areal i daa	Føremål
SN_1 Hopland	20	Familiebarnehage, kurslokale, utleige
SN_2 Tveit	5	Produksjonslokale gardsmat, gardsbutikk/kafé, kurslokale, gardsturisme, 2 utleigehusvære knytt til: Inn på Tunet, kurs, avløysar, anna utleige
SN_3 Bjørndal	4	Område for sagbruk, lagerplass/lagerbygg
SN_4 Håtuft	2	Smådyrkrematorium og minnelund
SN_5 Gripen	9	Næringsbygg knytt til Inn på tunet, gardsturisme, verkstad, kurslokale
SN_6 Ypsøy	3	Servering, matforedling, kurs, gardsturisme, overnatting, Inn på Tunet
SN_7 Ypsøy	1	Saltebu, lager, gjestemottak, kai/brygge, småbåthamn
SN_8 Rosslund	4	Gardsturisme, driftsbygning, overnatting/utleigehusvære
SN_9 Kårbø	31	Gardsturisme, servering, gardsmatproduksjon, bygdemuseum, utleigehusvære med parkering, fruktlager, hestesenter, stallanlegg, luftegard, smie
SN_10 Fosse	7	Servering/besøkgard
SN_11 Espetveit	1	Utleigehusvære/næringslokalar
SN_12 Myrtveit	2	Grøn omsorg, utdanning, arbeidstrening, matproduksjon/foredling
SN_13 Ryland	11	Oppstillingsplass campingvogn og-bil.
SN_15 Fløksand	7,5	Areal for overskotsmassar til jordforbetringstiltak innan landbruket
SN_16 Fløksand nord	5,6	Areal for overskotsmassar til jordforbetringstiltak innan landbruket
SN_17 Landsvik	9	Areal for overskotsmassar til jordforbetringstiltak innan landbruket
SN_18 Brakstad	8	Areal for overskotsmassar til jordforbetringstiltak innan landbruket
SN_19 Nedre Tveit	7,3	Areal for overskotsmassar til jordforbetringstiltak innan landbruket
SN_20 Nedre Tveit Troppå	1,6	Areal for overskotsmassar til jordforbetringstiltak innan landbruket
SN_21 Espetveit	7,5	Areal for overskotsmassar til jordforbetringstiltak innan landbruket
SN_22 Espetveit vest	20,9	Areal for overskotsmassar til jordforbetringstiltak innan landbruket
SN_23 Refskar	8	Areal for overskotsmassar til jordforbetringstiltak innan landbruket
SN_24 Fureskjegget	8,9	Utleigehytter, servering og overnatting knytt til kulturhistorisk miljø
SN_25 Gripen	15,8	Gardsturisme tretoppytter og lavo for utleige

5.4 Omsynssoner, jf plan- og bygningslova § 11-8, pkt a-f

Kommuneplanen sin arealdel skal i nødvendig utstrekning vise særskilte omsyn og restriksjonar som har noko å seie for bruken av areal, markert i arealdelen som «omsynssoner» med tilhøyrande retningslinjer og reglar. Her følgjer oversikt over dei omsynssonene som er nye eller endra i rulleringa av kommuneplanen på tema.

5.4.1 Sone for felles planlegging (H810)

Sone med krav om felles planlegging for flere eiendommer, herunder med særlige samarbeids- eller eierformer samt omforming og fornyelse. I kommuneplanens arealdel vil hensynssonen omforming og fornyelse kunne brukes for å angi områder hvor det skal skje en målrettet og særskilt områdevis planlegging og gjennomføring for å omdanne, fornye eller videreutvikle eit område. Området ved Meland golf og naturpark skal utviklast til ein reiselivsdestinasjon. Det er omfattande planer til prosjektet. Det er og ein del ulike problemstillingar som infrastruktur, bustader, kulturminne som må sjåast i ein samanheng. Området vert lagt inn som ei sone for område for framtidig felles planlegging.

5.4.2 Naturmiljø (H560)

Mjåtveitelva, frå Dalevatnet til utløpet i Elvavika, er vist dels som landbruks-, natur- og friluftsområde og dels som grønstruktur med ei 30 m brei omsynssone naturmiljø H560_1. Omsynet gjeld heile vassdraget frå Dalevatnet til utløpet. Vassdrag med tilhøyrande lokal, regionalt og nasjonalt (musling) naturmangfald, skal skjermast mot inngrep i ei 15m brei sone til kvar side av elva. I minst 50 m på kvar side gjeld som elles byggjeforbud mot vassdrag. Her er tiltak berre tillate når det gjeld i tilknytning til stadbunden næring/landbruk, og då berre når tiltaket ikkje vil øydelegge føremålet med etablering av arealføremålet/omsynssona. Det kan leggast til rette for ferdsel. Tiltaka må vere tilpassast elva og føremålet med vernet. Tilrettelegging for ferdsel skal skje med tilrettelegginga med minimale terrenginngrep.

5.4.3 Sone for vidareføring av reguleringsplaner (H910)

Tab. 10 Gjeldande reguleringsplanar

PlanID	Plannamn
125620120001	Detaljregulering Mjåtveit Næringspark
125620110007	E39 Flatøy – Middelar
125620110004	Detaljregulering for Holme forretningsområde
125620110003	Detaljregulering for Elvaåsen
125620110002	Detaljregulering for Bergotunet
125620100004	Områderegulering for Frekhaug senter
125620090002	Reguleringsplan for næringsområde Mjåtveit – Dalstø
125620080002	Reguleringsplan for Solhaug, gnr. 18 bnr. 14 mfl.
125620070004	Reguleringsplan Fv245 frå Hatleberget til Skarpeneset
125620060007	Reguleringsplan for Tua
125620060006	Reguleringsplan for Rossland motorcrossanlegg
125620050316	Reguleringsplan for Hjertås nord
125620031126	Reguleringsplan for Langeland
125620031029	Reguleringsplan for Holmemarka aust
125620020904	Reguleringsplan for Mjåtveit Barnehage
125620010328	Reguleringsplan for RV564 Dalstø – Mjåtveit
125620010117	Reguleringsplan for trafikkområde - Vegkryss Rv.564 - Fv.244, Del av Frekhaug senter
125620000301	Reguleringsplan for Fossemymra idrettsanlegg
125619951011	Reguleringsplan for Frekhaug senter/vest
125619890002	Reguleringsplan for flytebru med vegnett, Flatøy
125619881026	Utviding av Orrhøyen
125619790703	Reguleringsplan for Frekhaug senter/Grønland
125619780207	Reguleringsplan for skytebanen på Espetveit
125620120002	Hjertås industriområde sør
125620140001	Øvre Holsbergstien
125620110003	Danielsen skule
125620100004	Endr. områdeplan Frekhaug
125620160006	Reg.endr. Fossemymra Idrettspark
125620150005	Bustader Mjåtveitstø 22/13
125620180003	Myrvollane - Hestdal vassverk

Ajourført 25.07.2019

6 Tilhøve til planar, rammer og retningslinjer

6.1.1 Statlege rammer og retningslinjer

Det er lagt ei rekkje føringar for planarbeid i kommunen gjennom sentrale forskrifter, rikspolitiske retningslinjer, brev og rundskriv.

[Nasjonale forventninger 2019:](#)

Regjeringen legger vekt på at vi står overfor fire store utfordringer:

- Å skape et bærekraftig velferdssamfunn
- Å skape et økologisk bærekraftig samfunn gjennom blant annet en offensiv klimapolitikk og en forsvarlig ressursforvaltning
- Å skape et sosialt bærekraftig samfunn
- Å skape et trygt samfunn for alle

Regjeringen har bestemt at FNs 17 bærekraftsmål, som Norge har sluttet seg til, skal være det politiske hovedsporet for å ta tak i vår tids største utfordringer, også i Norge. Det er derfor viktig at bærekraftmålene blir en del av grunnlaget for samfunns- og arealplanleggingen.

[Plan- og bygningsloven:](#)

«§ 1-1. Lovens formål: Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.. Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives..»

[Lov om forvaltning av naturens mangfold:](#)

«§ 1. Formål : Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i framtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

[Folkehelseloven](#)

«§ 1. Formål: Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller.»

[Forskrift om konsekvensutredninger](#)

[T 2/08 Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen](#)

[Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen og langs sjøen](#)

Veileder Naturmangfoldloven kap II

Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging

Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen

Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag

Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-

Forskrift om konsekvensutgreiing (FOR 2009-06-26 nr. 855)

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga

Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- areal og transportplanlegging

Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming

St.meld.34 (2006-2007) Norsk klimapolitikk

St.meld. nr.16 Helse i plan

St.meld.nr. 34 (2012–2013) Folkehelsemeldinga. God helse – felles ansvar

Rundskriv T-2/08 Om barn og planlegging

T-1082 Verna vassdrag. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag

Krav til kommunal planlegginga med tanke på vurderingar av konsekvensar for barn- og unge.

Retningslinjer for planlegging og utbygging i fareområde langs vassdrag (1/2007–NVE)

Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging T-1442.

Statlig planretningslinje for klima og energiplanlegging (04 09 2009)

6.1.2 Regionale planar og retningslinjer

Frå Hordaland fylkeskommune er det fylkesplan og fylkesdelplanar som legg føringane. Dette gjeld følgjande planar:

- Fylkesplan for Hordaland
- Fylkesdelplan for kystsona
- Fylkesdelplan for energi
- Fylkesdelplan for kulturminne
- Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Fylkesdelplan for hamner
- Regionalt utviklingsprogram
- Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel
- Fylkesdelplan deltaking for alle – universell utforming
- FylkesRos Hordaland 2009
- Regional plan for folkehelse
- Regional næringsplan 2013-2017

6.1.3 Fylkesmannen i Hordaland har uttalt sine arealpolitiske mål i:

- Kampen om areala

- Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland (2007) Arealstrategi

6.1.4 Kommunale planar

- Kommuneplan for Meland 2013-2025
- Overordna Ros-analyse for Meland 2013
- Energi og klimaplan for Meland kommune 2012-2020
- Forvaltningsplan Rylandsvassdraget 2007
- Trafikksikringsplan for Meland kommune 2017-2020
- Tiltaksplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2015-2019
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og folkehelse
- Folkehelsemelding for Meland kommune

6.1.5 Temakart og informasjonskjelder

Temakarta har ikkje juridisk verknad slik som kommuneplankartet har. Temakart viser kva for detaljert informasjon som er samla, og dei utdjuper kva for verdiar kommuneplanane sin arealdel er vurdert opp mot og kva for konflikstar ein bør unngå. Temakarta skal vere førande for etterfølgjande detaljplanlegging og sakshandsaming, og gje god dokumentasjon og bakgrunnsinformasjon for vedtak.

Det er utarbeida temakart over:

- Natur: kystlynghei, artsforekomstar, inngrepsfrie naturområde, naturtypar, naturvernområde og verna vassdrag.
- Friluftsliv: barnetråkk, regionalt viktige friluftsområde, statleg sikra og kommunale friluftsområde og turkart.
- Landbruk: kjerneområde jordbruk og kulturlandskap, økonomisk drivverdig skog.
- Landskap: landskapsanalyse, kartlegging funksjonell strandsone, aktsemdkart steinsprang, snøskred, jord- og flaumskred.
- Kystdata: farleier, kaste-/ låssettingsplassar, fiskeplasser, gyteområde og akvakulturanlegg.
- Kulturminne: kulturminne og SEFRAK.
- Andre tema: støysonekart, Sambandet vest
- Akvakulturanalyse: Det er gjennomført ei akvakulturanalyse i samband med tema havbruksrelatert næring.

I tillegg er det nytta data frå andre kjelder. Til dømes artskart, trafikkdata frå Nasjonal vegdatabank, høgspenteleidningar, forureina grunn, vatn- og avlaupsanlegg, skredhendingar, demningar, farleg stoff og eksplosivar. I arbeidet med landskapsvurdering har vi brukt verdivurderinga av landskap i regi av Hordaland fylkeskommune (rapport 07-2011) på regionalt nivå.